

Innkalling til møte i Forsknings- og formidlingsutvalget

Tid: 29. august 2024, kl. 14.15-16.00

Sted: Sydneshaugen skole, Grupperom H

Innkalt: Åslaug Ommundsen (leder), Ulla Kallenbach, Aidan Conti, Vadim Kimmelman, Anna-Marie Kjøde Olsen, Julie Bergmann, Helen Leslie-Jacobsen, Peter Svare Valeur, Domen Gril (sekretær)

Saker:

23/24 Godkjenning av innkalling

24/24 Godkjenning av protokoll fra møtet 13.06.2024

Vedlegg 1

25/24 Sosial ettermiddag om forskning tirsdag 12. november

I mange år har «kakelunsjane» på fredagar vore ein viktig fagleg-sosial arena for LLE-tilsette. Dei siste semestera har oppmøtet svikta, og instituttleiinga vil gjerne prøve med «sosial ettermiddag» to gonger per semester, ein via til utdanning, den andre til forskning. Kva innhald ser me konkret for oss at desse timane (13-15.30?) kan fyllast med? (Presentasjon av/ved forskargrupper? Resultat Machine Vision? Statusrapport CDN?)

26/24 UPED og opplæringsdelen for stipendiatar

LLE har dette semesteret fokus på stipendiatar og pliktarbeid, dvs. både planlegging og gjennomføring, og pliktarbeidet som ein del av karrierebygginga. Det er reist spørsmål om opplæringsdelen, og om stipendiatar kan/bør gå på UPED-kurs for å lære meir om pedagogikk, føle seg betre førebudde til undervisinga, og samstundes kunne syne til kursa på CV'en, noko som vil vere nyttig for karrierebygginga. Kva tenker FFU om dette?

27/24 Flytskjema om plagiattkontroll

Vedlegg 2

Domen har utarbeidd eit flytskjema for plagiattkontroll. Tykkjer FFU at dette ser bra ut?

28/24 Obligatoriske norskkurs

Til hausten blir det innført nye pålegg om at utanlandske PhD-stipendiatar må gjennomføre norskkurs. I [Forskrift til universitets- og høyskoleloven, § 3, 19](#), står det: «Dersom den ansatte ikke kan dokumentere ferdigheter i norsk, svensk eller dansk på nivå A2 ved ansettelse, skal institusjonen tilby norskopplæring. [...] Den ansatte skal gjennomføre opplæring tilsvarende minst 15 studiepoeng innen utløpet av åremålsperioden.» Har FFU tankar om korleis dette kan gjennomførast i praksis?

Eventuelt